

Uvanlege tilhøve for gjødselspreiing

07.04.2013

Tilhøva for våronn og gjødselspreiing er uvanlege i år på grunn av den kalde våren og kommunen har sendt ut ei pressemelding til orientering for bøndene. I delar av kommunen er det framleis snø oig is medan det er iferd med å tina opp andre stader. Det er lov å spreia etter 15. februar hvis vertilhøva er laglege og normalt skulle våronna no vore i full gang.

Men dette er hindra av ein kald vinter og vår og gjødsekjellarane er fulle. For å unngå akutt forureining kan ein starta utkøyring men kommunen minnar om at alle som spreier er ansvarlege for at ein ikkje forureinar vaassdrag.

Difor kan ein spreia med forsvarleg avstand til bekkar, elvar og sjø eller spreia på stader som er lite utsett for avrenning.

Ein kan også som ein start køyra ut mindre mengder og venta på betre tilhøve. Er tilhøva vanskelege kan ein overføra gjødsel til kjellarar med ledig kapasitet.